



Skulemusikken held huskonsert i Aktivitetshuset for nokre dagar sidan. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Skulemusikken har hatt årsmøte og vedteke ei årsmelding og eitt rekneskap som bar bod om stor aktivitet. Rekneskapet viste eit overskot på vel 25.000 kroner etter inntekter på 240.000 og utgifter på 214.418 kroner. I tillegg kjem fellesrekneskapet med Rosendal skulekorps for Brodahl-prosjektet.

Då ein berre hadde fått tre kandidatar og vararepresentantar til styret bestemte årsmøtet at valet måtte utsetjast. Difor vart det kalla inn til ekstraordinært årsmøte med val på saklista. I tillegg fekk det gamle styret i oppdrag frå årsmøtet å fordela ansvaret for ein del oppgåver på foreldregruppa og dette vart gjort.

Styrevalet ga dette resultatet: Monica T. Storevik (2 år). Anne Jorunn Kjærland (2 år). Marit Stensletten (2 år). Thor Inge Døssland (1 år) og Anne M. Aksnes (1 år). I tillegg er Birgitte Hjelmeland og Vegard Døssland representantar frå medlemmene.

Skulemusikken er 40 år neste år og det vil bli markert på skikkeleg vis, med Austnes-prosjektet på nyåret og utanlandstur i den første veka av skuleferien. Det er sett ned ei eiga nemnd for utanlandsturen.

Styret har eit sterkt ynskje om at nokon utanom foreldregruppa vil hjelpa til med praktiske oppgåver, for det er ein stor jobb å driva eit skulekorps. Dei som er viljuge til å ta eit tak kan seia frå til styret.

Men det viktigaste er at korpset har 22 unge og positive musikantar, åtte læringsvillige aspirantar og ein særskild dugande dirigent i Anders Christensen.

Meir stoff om skulemusikken finn ein under 'lag og organisasjonar' og der ligg også fullstendig årsmelding.

Av Ola Matti Mathisen